Til fylkestinget i Sogn og Fjordane

Frå Gloppen Mållag
v/Siv Heggheim, leiar

Høyringssvar om framlegget til ny Vestlandsregion.

Gloppen Mållag meiner det vil vere eit alvorleg feilgrep å seie ja til intensjonsavtalen før språkspørsmålet er avklart. Dersom det blir fleirtal for Vestlandsregionen må nynorsk administrasjonsspråk og tenestemål vere sikra.

Staten, kommunen og fylkeskommunen har eit språkpolitisk ansvar for språka våre, og offisiell norsk språkpolitikk legg opp til styrking av nynorsk i offentleg målbruk. Nøytralitet må ikkje forvekslast med jamstelling. Utan språklege retningslinjer vinn det største språket. Det er røynslene frå både kommunar, fylkeskommunar og statlege verksemder.

I Gloppen har det vore nynorsk i kyrkja og i skulen i over hundre år, og kommunen har vore administrert på nynorsk nesten like lenge. Dialektene står sterkt i Gloppen. Sjølv om nynorsken står sterkt i den kommunale drifta, i næringslivet og i det frivillige organisasjonslivet er det svært viktig for nynorsken å ha fleire stødige bein å stå på. Slik vi ser det er nynorskbruken i fylkeskommunen nettopp det.

I dag er nynorsken solid til stades i den fylkeskommunale drifta i til dømes samferdsle og i vidaregåande skule, og det utetterretta materiellet. I tillegg er Sogn og Fjordane eit fylke som arbeider aktivt for nynorsken. Fylket var tydlege i kravet om å få nynorsk programvare tidleg på 2000-talet, og skal ha sin del av æra for Microsoft på nynorsk. Seinast har fylkesbiblioteket vore aktiv medspelar for å få til den nynorske leselystkampanjen "Tid for ti" retta inn mot nynorskelevar i 7. klasse.

Den sterke posisjonen nynorsken har i vestlandsfylka, er ein av dei viktigaste grunnane til at staten og pressa i Oslo og elles i landet bruker nynorsk frå tid til anna. Det styrkjer at sidemålsordninga finst og gir nynorsken ei tyngd som gjer at også personar som bur langt utanfor kjerneområda, får ryggstø til å skriva nynorsk i kvardagen.